


Restaurering av stien til

Oldeskaret

Rapport 2015



Foto: Utmarksressurs AS



utmarkressurs

BAKGRUNN

| | |
|-----------------------|--|
| Stad: | Oldedalen i Stryn kommune |
| Startpunkt: | Melkevoll Bretun, 125 moh. |
| Endepunkt for arbeid: | 550 moh. |
| Nasjonalparkgrense: | Store delar av sti ligg i nasjonalpark. På austside kjem ein til grense om lag 450 meter frå startpunkt. |

På oppdrag frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyret og SNO utarbeidde Utmarksressurs AS i 2012 ein rapport, "Restaurering av fem gamle ferdsleveggar i Jostedalsbreen nasjonalpark". Plan for restaurering av stien mot Oldeskaret var skildra her.

Stien frå Oldedalen, gjennom Oldeskaret og vidare til Stardalen i Jølster kommune er ein gamal ferdsleveg. Før 1935 var det vanleg å gå opp lenger framme i dalen, ved Myklebust. Ruta opp frå Oldedalen slik den vert brukt i dag kom til i 1935 etter eit omfattande arbeid med muring av trapper og oppsetting av kjetting som gelender på utsette stadar. Patentførarar i dalen har nytta blant anna denne ruta. Det er også kjent at her har vore handel og frakt av småfe over skaret mellom Oldedalen og Stardalen.

Ved startpunktet ligg Melkevoll Bretun, ein campingplass med mange besøkande gjennom sommarsesongen. Mange gjester tek ein kveldstur opp til Stighilljaren som ligg 390 moh, med flott utsyn over Oldedalen. Slitasje på stien viser at den er mykje brukt opp til dette punkt. Grunna dette har ein også teke med nokre få og mindre utbetringar på denne første delen av stien.

Kunnskap på oppsetting av wire som gelender i Oldeskaret er henta frå Via Ferrata, Loen. Rune Holen, med erfaring blant anna nettopp herfrå, har vore med på monteringsarbeidet i Oldeskaret. I ein Via Ferrata vert det i stor grad berre brukt boltar som mellomforankring. I Oldeskaret har ein, der wire vil bli utsett for store påkjenningar i form av is-ras og snø-sig, brukt løkker av wire som mellomforankring.


Med to punkt for forankring per mellomforankring. Og meir fleksibel wire som kan bøye av for press den blir utsett for, håpar ein det blir solid nok til å stå i mot naturkreftene som truleg kan vere svært tøffe nokre stadar på veg mot Oldeskaret.



Solid wire med løkke som mellomforankring.

Foto: Utmarksressurs AS

Utmarksressurs AS og SNO Sogndal hadde ansvar for prosjekt- og arbeidsleiing. I førekant og undervegs i perioden med arbeid hadde vi fleire synfaringar med grunneigar. Vi hadde også besøk av journalistar, som førte til reportasjar ei lokal og ei regional avis.



Detaljkart over stien fra Melkevoll bretun til Oldeskaret.

RESULTAT ARBEID 2014

Følgjande område vart utbetra i 2014 (etter vår prioritering før oppstart) Skildring med start frå nede:

Ved skiltet til nasjonalparken er første stad arbeid er utført. Her heva vi sti noko då slitasje/vatn hadde ført til at sti hadde greve seg ned i terrenget. La også til eit trinn, og senka terreng over for å styre vatn ut og vekk frå sti.

Vidare mot Stighilljaren vart det lavt nede punktvis bygd nokre trinn der ein hadde høge klyv. Til saman seks stadar vart det bygd opp frå eit til fem trinn for å gjere forsering enklare. Frå der sti er nærast elva Svadåna under Stighilljaren, vender sti nordover. Her går sti delvis gjennom nokre mindre urar. Gjennom desse vart det utbetra med trapper der det var høge klyv, og berre ved å legge til rette heller der sti går flatt. Rett under Stighilljaren er eit par trapper med sju og ni trinn. På eit par punkt her må vi ta igjen arbeidet grunna ikkje tilstrekkeleg kvalitet.

Frå Stighilljaren og forbi kryssing av bekk 1

Frå Stighilljaren startar det bratte partiet på stien for alvor. Over ein distanse på om lag 200 meter må ferdsel kunne definerast som lett klatring før vårt arbeid. Det er bratt og med fleire høge klyv. Fleire stadar måtte ein ta i bruk hender for ekstra støtte. Sjølv med kjetting å halde seg i var det ekkelt og eksponert fleire stadar, og særleg når det var vått.

Ved første travers sør frå Stighilljaren og bekkekryssing nummer 1 vart det lagt ned eit godt og solid stykke arbeid. Først reinska vi fjell for lausmasse og laus stein. Her var godt med stein, og ein mura opp ei solid trapp over sva sørover og bekkekryssing 1. Vi vann god høgde ved inngang gjennom å mure opp med nokre skikkeleg store heller. Vidare sikra vi botnsteinar ekstra gjennom å bore ned 50 cm lange kam-jern. I tillegg vart gammal kjetting her erstatta med 13 meter wire. Etter muring av den flotte trappa vart behov for wire redusert. Vi sette likevel opp over heile lengda, då det er ganske luftig mot dalside. Barn og mindre fjellvande personar skal kunne finne tryggleik i eit gelender å halde i.



Trapp rett over Stighilljaren, før og etter. Foto: Utmarksressurs AS/Anne Rudsengen

Over sva vest mot bekkekryssing to vart det også utbetra noko. Over det glatte svaet, delvis med laus grus, bygde vi trapper punktvis over dei mest krevjande stadane. Desse 50-60 meterane mot bekkekryssing to ligg på ein liten fjellrygg, godt skjerma for fallande is og stein. Også her 6 meter wire heilt i starten, forbi eit knep.

Ved og forbi kryssing av bekk 2

På neste travers sørover, ved og forbi bekkekryssing to, reinska og mura vi opp til saman 7 meter. Innsteget her fekk eit skikkeleg løft gjennom at vi la ned ei stor blokk på ein solid oppmura fot. Dette vanskelege knepet vart ikkje til å kjenne igjen. Her har vore ein stad der vandrara som ikkje er kjende i område har teke feil retning. I dag kan her ikkje vere tvil om retning, då framkomst vidare er vesentleg utbetra. Wire over ei strekning på 14 meter på denne staden.



Vi monterte opp wire over tre av dei fire stadane der sti kryssar bekkar. Wire er her delt opp i fleire lengder. Slik vil wiren berre få øydeleggingar akkurat forbi bekk dersom blokker av is eller stein skulle kome fallande. I det heile blir det svært spennande å følgje korleis wire og metode for montering vil klare seg i Oldeskaret, då den truleg kan verte utsett for svært tøff medfart gjennom is-ras våren.

Før og ved kryssing av bekk 3

Etter vending nordover mot bekkkryssing 3 renska vi også ned lausmassar. Og bygde ei 10 meter lang trapp. Wire og breiare hylle over bekk bidreg også ytterlegare til sikker framkomst. Der du før måtte klore deg fram over glatte sva, kan ein i dag vandre utan vanskar og med redusert eksponering mot bratt stup på dalside. Ei betydeleg betring av tryggleik.



Bekkekryssing 3, før.

Foto: Utmarksressurs AS



Bekkekryssing 4, etter.

Foto: Utmarksressurs AS

Før og ved kryssing av bekk 4

Ved staden før bekke-kryssing 4 mura vi til saman 12 meter trapp. Standard og tryggleik er heva mange hakk gjennom breiare og flatare steg å sette foten på . Der sti kryssar bekk var plan å montere wire. Men behovet for dette fall vekk når resultat av arbeid vart så vellukka.



Rett før bekkekryssing 4, "før-bilde".

Foto: Utmarksressurs AS



Rett før bekkekryssing 4, "etter-bilde".

Foto: Utmarksressurs AS

Over kryssing av bekk 4

Over bekkekryssing fire, mot Gløvre, bygde vi punktvis til saman 36 meter trapper/steingong. Illustrasjon på noko av dette arbeidet er å finne på bilde på framside.

Skogrydding og vardar

Frå Gløvre (600 moh.) og mot skoggrense vart det rydda skog langs sti. Spesielt heilt mot tregrense var der eit par stadar veldig tett gjennom bjørkekratt. Heilt i øvre del rydda vi også fram ein stor varde som ligg oppå ein stein. Denne er truleg bygd når tregrensa var lågare, for å syne mot sti når ein kjem nedover.

RESULTAT ARBEID 2015

I august/september 2015 gjorde vi det resterande arbeidet på stien til Oldeskaret. Arbeidet dette året føregjekk i Stigskona og opp til like over Gløvre. Til saman vart det mura 80 meter trapper/hellegong. Utan å gå i detalj var dette punktvis, korte og lengre strekningar, forbi bratte parti.



Bilde frå nedre del av Stigskona. Vi fann nok og god stein til muring i område vi jobba i. Arbeidslaget frå Nepal gjorde ein svært god jobb. Trapp på bilde ligg naturleg og fint i terrenget.

Foto: Utmarksressurs AS

I Stigskora under Gløvre låg store steinblokker etter fleire mindre ras. Desse vart snudd til og brukt til heller. Ein enkel jobb som ikkje er veldig tidkrevjande. Men når ein tidlegare her måtte klive gjennom blokkmark, så er dette enkle tiltaket ein stor auke i kvalitet på sti.



Frå Stigskora gjennom parti med blokkmark.

Foto: Utmarksressurs AS

Mellom muringar langs strekning vi jobba på i 2015 bredda vi sti der han var smalast. Særleg ei om lag 50 meter strekning rett under Gløvre har gjennom år blitt erodert av vatn frå snøsmelting. Det hadde danna seg ei djup grøft langs sti der vatn samla seg. Her tok vi ned rygg mot dalside, og brukte masse til å fylle opp traue med. Fem stikkrenner saman med fall utover skal heretter sørge for at slitasjen her ikkje blir så stor frametter. Til saman 90 meter vart bredda i 2015. Totalt bygde vi 6 nye stikkrenner.



Frå område under Gløvre med mykje vassføring våren. Ein bekk forsvinn ned i øvre del av Gløvre. Bekken kjem ut i dagen igjen under fjellet i øvre bildekant. Når vatnet så møter stien begynner vatnet å følgje denne. Med fall mot dalside og til saman fire stikkrenner vil denne staden kunne bli skåna for erosjon.

Foto: Utmarksressurs AS

Gjennom sjølve Gløvre restaurerte vi dei gamle trappene frå 1935. Vi bygde også ein del nye trinn og hellegong her. Fleire stadar langs stien kan ein sjå at det er gjort tilrettelegging frå gammalt av. Men berre gjennom Gløvre er det gjort muring av omfang. Den tronge kløfta gjer staden svært spesiell.



Foto: Utmarksressurs AS

Restaurert trapp gjennom Gløvre. Fleire trinn frå 1935 i sjølve Gløvre låg fint, her trengde ein ikkje gjere noko.

Restaureringsarbeidet utført 2014 og 2015 har heva kvaliteten og auka tryggleiken på stien mykje. Tidlegare var det slik at reiselivsbedrifter i område ikkje kunne anbefale turistar å legge turen opp her. Dei mest eksponerte stadane er no mykje tryggare, og ein har fått denne turen med som ei flott og alternativ rute. Det totale tilbodet er blitt betra.

Gløvre, og utsikta ein får rett over Gløvre, er det mest spektakulære turen tilbyr. Dei gamle muringane gjennom Gløvre er eit kulturminne over tidleg restaurering og tilrettelegging for turisme. Staden og utsikta, heile turen, kan no nytast med blikket retta meir opp og ut. Ikkje ned og med frykt for å snuble. Stien mot Oldeskaret har fått eit betydeleg løft.



Foto: Anne Rudsengen

50 meter etter Gløvre openbarar det seg ei fantastisk utsikt mot Briksdalsbreen på vegen mot Oldeskaret.

Kostnad Oldeskaret 2014 og 2015

| | Ekskl.mva. |
|---|------------|
| Anbud annonsering | 6000 |
| Prosjekt- og arbeidsleiing *) | 168500 |
| Steinsetting (sherpaarbeid) | 499000 |
| Reiseutgifter sherpa (inkl. overnatting) | 35000 |
| Diverse (verktøy, reparasjonar, bensin, wire mm.) | 18500 |
| | <hr/> |
| | 727000 |

*) - Inkl. i dette er også skogrydding. Planlegging og montering av wire. Opprydding i etterkant. Og utforming av kort rapport.

Anna som ikkje er gjort synleg i kostnadsoverslag:

Rune Holen, Statens naturoppsyn, har bidrage med hjelp til montering av wire, tilsaman 16 dagsverk.

Kostnadsfritt fekk vi nytte verkstad på Melkevoll gard til å kappe og gjere klar wire og boltar. Boltar av stål vart også sponsa av Melkevoll. Dette gjorde denne delen av arbeidet enkelt og rasjonelt.

Melkevoll gard reduserte dessutan utleige-pris husvære slik at vi fekk fleire arbeidstimar i felt.

Stryn, november 2015
Ole Runar Aabrekk
Utmarksressurs AS

Vedlegg:

- Skjematisk oversikt arbeid i 2014 og 2015

| Arbeid | Ny murning | Endra profil/ "Bred-da" ut | Stikk-renner | Wire | Merknad |
|--|------------|-------------------------------|--------------|------|---|
| Frå Gløvre (600 moh.) mot skog-grense | | | | | Rydd skog langs sti |
| Ved nasjonalpark-skilt | | 4 | | | |
| Vidare mot stighilljaren | 20 | | | | Noko av dette må takast igjen, 3 - 4 meter, grunna ikkje tilstrekkeleg kvalitet |
| Første travers sørover frå Stighilljaren og bekk 1 | 14 | | | 13 | |
| Over sva vestover mot kryssing bekk 2 | 23 | | | 6 | |
| Travers sørover frå bekk 2 | 7 | | | 14 | |
| Etter vending nordover mot bekk 3 (ved handtak) | 10 | | | | |
| Bekkekryssing 3 | | 3 | 1 | 7 | |
| Mellom bekk 3 og 4 | 12 | | | | |
| Bekkekryssing 4 | | 3 | | | |
| Over bekkekryssing 4 | 36 | | 2 | | Fordelt på fem strekningar |
| Utbetring Stigskora og forbi Gløvre | 80 | 90 | 6 | | Vøling/muring. Profilendr./"bredding" pkt.vis. |
| Totalt | 202 | 100 | 9 | 40 | |

Mellomforankringar består for det meste av 80 cm lange wire-tampar, montert om lag kvar 5 meter. Forbruk wire er derfor høgare enn kva framgår av tabell.